

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 1

Januar 1973

9. årgang

## Hva er kristendom?

Av Øyvind Andersen

Vi skal fortsette i dag, med det som vi nå har talt om et par ganger, om følgen av menneskets fall i synd.

La oss begynne, som vi pleier, med å be sammen. Kjære Jesus, vi ber også for denne stunden i ditt navn. Herre, jeg ber at du vil lede mitt sinn, mine tanker og ord, og at det må bli til det som du hadde tenkt for den som hører på. Amen.

Skal vi nå sammenfatte følgen av menneskets fall i synd, så kan vi i all korthet si det slik: Mennesket har mistet sitt guds bilde. Altså guds bildeligheten i mennesket er ødelagt. Det betyr ikke at mennesket opphører å være et personvæsen. Mennesket er fremdeles skapt til å være i samfunn med Gud, men har etter det vi har hørt ingen evne lenger til å leve i dette samfunn.

Med dette er også døden kommet inn i verden, som vi tidligere har nevnt. Videre er lidelsen kommet inn i verden. Den har vi ikke sagt så meget om, vi så vidt antydet den tidligere. Lidelsen er at hele skaperverket er lagt under forgjengeligheten for menneskets synds skyld. Vi leser om det i Romerbr. 8. kap. at skaperverket er lagt under forgjengelighet, ikke godvilligt, men etter hans vilje som la det under den, i håp om at også skapningen skal bli frigjort fra forgjengelighetens trældom til Guds barns herlighets frihet. Altså skapningen er under trældom på

gr. av menneskets synd, sier Guds ord. Det vil si at det følger lidelse med alle ting. Arbeidet er blitt tungt, fullt av møyte og besvær. Det hadde vel ikke vært det hvis synden ikke var kommet inn i verden. Og meget annet kunne sies. Sykdommen er kommet inn i verden som følge av menneskets synd. Kort sagt lidelsen i alle dens former.

Nå betyr ikke det at et menneske som er serlig plaget med sykdom er et serskilt syndig menneske. Nei, vi ser at Gud bruker syndens følger til velsignelse for oss mennesker. Og så underlig det høres, så bruker Gud lidelsen mange ganger på sine troende for å hjelpe dem i deres helliggjørelse, og for å gjøre dem desto mer brukbar for seg i sitt rike. Vi ser at Gud bruker synden til velsignelse for den som tror på ham. Men syndens følger blir en forbannelse for den som ikke tror.

Nå skal ikke vi si så meget mer om syndens følger, annet enn foye til at gjennem det setter Gud en grense for hvor langt menneske kan gå i sin synd. Mennesket kan ikke, slik som vilkårene nå er blitt, fritt ut leve etter sitt eget tykke, uten å måtte ta konsekvensen av det. Og det skal vi takke Gud for. Hvis mennesket hadde kunnet synde fritt, uten at det kom noe etterpå, uten konsekvenser, uten at det ble vanskeligheter, farer, lidelser, eller noe ondt av det som det

måtte lide for, da ville vel intet menneske på jorden noen gang ha blitt frelst. Da ville synden tatt overhånd, og da ville helvede ha utviklet seg her uten at noen kunne ha stoppet det. Men fordi at lidelsen er kommet inn i verden, blir det en begrensning, og lidelsen har mye større betydning enn vi aner.

Vi ser også Guds almakts måten, slik som tingenes tilstand nå er blitt, at når det onde får utfolde seg lider det nederlag. Det onde kan ikke utfolde seg, uten at det går ut over det onde. Gud griper ikke inn og stopper det onde, men hans allmakts viser seg på den måten at når det onde får utfolde seg, taper det sin kraft. Det beste eksempel på det er Jesu kors. Da fikk Satan gå til fullt angrep på Jesus. Det var ingen hemninger, intet som stoppet, alt annet fikk liksom sammensverge seg om Jesus da han døde på korset, med det resultat at det var Satan som led nederlag og Jesus som seiret. Vi vet ut fra Guds ord at dyret — antikrist — får hele Satans makt til sin disposisjon, og går til angrep mot Guds menighet med hele djevelens makt, uten at Gud griper inn og stopper det før i det siste. Han skal forkorte de trengselsdagene, står det, for de utvalgte sin skyld. Men elles får Satan utfolde sin makt overfor Guds menighet, med det resultat at Satan lider nederlag gjennom det, og Guds menighet seirer definitivt til slutt. Således ser du at det onde, det har sin oppgave, og det går ikke lenger enn Gud vil. Ingen, og intet, kan sette seg opp imot Gud. Han er fullstendig suveren.

Når vi nå har sett på synden og syndens følger, og den situasjon som mennesket er kommet i på grunn av sin synd, da kommer jo spørsmålet for alvor: Hvor er frelsen henne? hvor går veien ut av dette uføret? er der håp for menneskene? Og det skal vi da nå gå over til å se litt nærmere på.

Det første som vi nå kommer til er at Gud sender sin egen Sønn til verden. Gud har i sitt eget råd, før han skapte himmel og jord,

fattet en rådslutning om hva han ville gjøre hvis mennesket skulle falle i synd. Dette Guds evige råd, sier Skriften, har han fattet i kjærlighet hos seg selv. Det går ut på å frelse menneskene. Og i dette Guds evige råd, har Gud bestemt at hans egen Sønn skal bli menneske. Dette har han da forutsagt allerede fra begynnelsen av. Det er underlig å se, alt i den første preken som er holdt for falne syndere her på jorden, den er holdt av Gud selv om kvelden på syndefallrets dag for Adam og Eva der forkynner Gud om denne frelsen. Der heter det: Kvinnens ætt, skal knuse slangens hode. Det er forutsagt at en skal komme, født av en kvinne. Kvinnens ætt, det betyr i denne sammenheng, et enkelt individ, født av en kvinne. Han skal komme, han skal gjenopprette, det som synden har ødelagt. Dette løfte det ble gjentatt gjennom det Gamle Tesatmentet og så står det at då tids fylde kom utsendte Gud sin Sønn, født av en kvinne.

Med det kommer vi til det store spørsmålet: *Hjem er Jesus?* Hva er det som er skjedd i og ved at Jesus er kommet til verden? Guds ord svarar meget klart på det. Det som skjer er at Gud selv lar seg føde inn i menneskeslekten.

Det er også et ord som er trengt svært tilbake idag. Ja, det blir sagt like ut at det har ikke så mye å si om man tror Jesus er født av en jomfru eller ikke, altså om Gud har grepet inn i menneskeslekten eller ikke. Og dermed har man uten videre, på forhånd, fornekta Jesus. Det er ikke noe menneske som kunne frelse menneskeslekten. Hvis ikke Gud grep inn, kunne ikke menneskeslekten bli frelst. Og hele vår frelse beror på at alt det som Guds ord sier om Jesus er sant. Er det sant, da er der frelse for oss mennesker i ham. Er det ikke sant, da er det ikke frelse for et en eneste menneske på jorden!

Derfor er det meget nødvendigt for oss nå, å stanse litt for dette. Hva betyr Guds

### **Bladet Lov og Evangelium**

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund  
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
Postgiro : 42887, Stord

Utgjevarpoststad : 5400 Stord  
*Norsk Lutherisk Lekmannslosjon :*

Formann : Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054) 10 482  
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund  
postgiro nr. 68213  
Bankgiro : Vikøy Sparebank,  
Norheimsund 3530.07.09492

*S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord*

standelsen fra de døde. Og vi kunne nevne det ene stedet etter det andre. Og jeg har allerede sitert fra Gal. 4, hvor det står at da tids fylde kom, sendte Gud sin Sønn, født av en kvinne. Kommer Guds Sønn til verden, født av en kvinne, da ligger det i sakens natur at han ikke kan ha noen jordisk far. Guds Sønn, han kan la seg føde som menneske her i verden, det kan han. Han kan gjennomgå hele utviklingen fra å være foster i mors liv inntil døden, men han kan ikke ha en jordisk far, for da var han ikke Guds sønn. I Johs. evangeliet sitt første kap. heter det: I begynnelsen var Ordet, og Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud, og Ordet ble kjøt. Her hører du Gud tar ikke bolig i et menneske, men det er Gud selv som blir et menneske. Og hva dette innebærer skal vi så stanse nermere for i vår iese leksjon.

Avskrive etter lydband fra  
bibelkurs halde i Norea Radio.

Sønns komme til verden? Her svarer Guds ord hos profeten. Esaias, i kap. syv: En jomfru skal bli fruktsommelig, og 'øde en sønn. I det Nye Testamentet hører vi at Gud griper inn på den måten, at en kvinne blir frukt sommelig ved den Hellige Ånd. Det skjer ved et budskap fra Gud, som blir bragt henne ved engelen Gabriel. Gjennom dette budskap skjer det en unnfangelse i hennes liv. Det skjer en virkelig unnfangelse, uten manns medvirken, gjennom Guds eget ord, gjennom et budskap brakt henne gjennom en engel. Å bortforklare det, det er å bortforklare selve sannheten om Jesu person. Og du skal legge merke til at dette går igjen gjennom alle skrifter i det Nye Testamentet. Stundom blir det sagt at der er bare to steder i det Nye Testamentet der er tale om Guds Sønn som ble menneske. Nei, langt ifra!

Vi ser det for eksempel fra Romerbrevet, i begynnelsen der. Der taler apostelen om Guds Sønn, som er kommet av Davids ætt etter kjødet, og det er han som er godtgjort å være Guds Sønn i velde ved opp-

## **Kven er du ?**

Du er skapt av Gud. Han ville at du skulle bli født og leva eit liv. Du er menneske, og det er meir enn dyr, for menneske er skapt i Guds bilde. D.v.s. du har fått ei sjel med evne og vilje til å velja. Kvifor?

Du er skapt til å leva i lag med Gud ! Noko mindre tenkte ikkje Gud med deg. Så må ikkje heller du tenkja noko mindre med ditt liv. — Men er dette sant om deg, så er også det neste eg vil seia, like sant.

Kven er du? Du er ein som er fallen fra Gud. Då Adam og Eva fall, betydde, det at alle dei menneske som kom etter, også var falne. Du har arva det fallet.. Du kjem ikkje forbi det. Om du kunne levd eit fullkomne liv kvar einaste dag, var du likevel syndig. For du kan ikkje få bort eller gjera godt det som dei første menneske øydela. Synd betyr: å ta feil av målet. Målet med ditt liv

høyrd du var å leva *med* Gud og leva *som* Gud. Men det målet har du teke feil av. *Målet med ditt liv*, kva er no det? Det er å få det lettvint og godt og bra for deg sjøl. Det er *eg i sentrum i staden for Gud*. Slik er du. Og når du er slik seier Gud at du er fortapt, for du skal elsko Gud over alle ting, over alle dine tankar, interesser, over alt som er nødvendig for deg o.s.b. Fortapt! Det er akkurat det du ikkje kan sjå og skjøna: at det er så gale med deg. — No vil eg be deg at du let alle dei andre ute, no er det berre Jesus og du her. Du og Jesus.

Det skulle undra meg om ikkje nokon av dykk har bede til Jesus for dette møtet: å la meg få møta deg, Jesus. Eit møte mellom Jesus og deg, de tveit du, ville ordna opp i mangt som er vanskeleg. Men korleis tenkjer du deg eit møte med Jesus? Er det slik du har tenkt deg det, at du let att augo og i fantasien *ser* du Jesus med tornekruna og purpurkåpa o.s.v. — Er de tå møta Jesus? Nei, det treng ikkje vera det. Du møter ikkje Jesus i tankane og fantasien. Du møter han i *Ordet* som blir lese eller forkjent. Der møtest du og Han. Men det er ikkje sikkert det er så godt som du ventar. Det er *farleg* å be om å få møta Jesus. Og derom du ikkje vil ta følgende av det, får du heller la vera å be om det. For når du ber om å møta *Jesus* så møter *du deg sjølv!* Ei kone heime sa': «No er eg så gammal og fæl at eg blir redd meg sjøl når eg ser meg i speilet.» Er du ei slik som er redd å sjå deg sjølv slik du verkeleg er? Då kan du tigga dag og natt om å få møta Jesus, du møter Han *altri*.

Når Kristus og du møtest i ordet, då fell lyset frå *Han* over *deg*. Då blir det eit klart bilde av deg i speilet. Det første *eg fekk sjå*, var meg *sjølv heime*. Der syntest eg det var gale med alle dei andre, og derfor var det så vanskeleg for meg å vera snill. Når mor gjerne ville eg skulle vera heime, for eg ut. Og ville mor og far ha meg med ut så fann eg på årsaking for å vera heime. Eg

skjemdest fordi mor ikkje var så fin som eg ville og for far som sa så mykje dumt. Berre dei andre vart anleis så skulle nok eg bli betre. *Har du sett deg sjølv heime?* Ville du lika at alle såg korleis du er der?

Har du sett deg sjølv mellom vener? Jau, då dei tykkjer du er ein god kamerat. Dei lit på deg. *Fortel deg noko som ikkje må forteljast vidare, for all del!* Å, nei, du er ikkje slik. Sjå deg i speilet framfor Jesus! Hende det aldri at du fortalte det, — men du må lova å halda tett! Ein fin kamerat. Kva seier speilet? *Synd, ropar det.*

Og får du sjå *dine tankar* i speilet då har du grunn til å verta redd for alvor. Misunning — hovmot — o.s.v. Ville du lika at alle dine tankaa vart viste fram på film, så alle kunne sjå dei på det kvite lerretet? Dei tankane du hadde då du hadde lese noko du visste heller skulle vore brent t.d. I speilet framfor Jesus kan ingenting skjulast Jesus ser alt dette og mykje meir. Høyр no kva *Ordet* seier om *deg*. Salme 14, 2—3. «Herren skodar ned frå himmelen på menneskeborni og vil sjå om der er nokon vetug, nokon som sokjer Gud. Dei er alle avvikne, dei er utskjemde alle saman, det er ingen som gjør godt, det er ikkje ein einaste.» *Du* er ikkje undanteken. Men de ter då ei trøyst at alle er like ille farne! Nei! For no er det Jesus og *du*. Men har du ikkje av og til vore *litt god?* Høyр meir kva Bibelen seier: «Du har berre trøytta meg med dine synder» — Esaias 43, 24. Men kan du ikkje gjera alt godt att ved å be *ei* bøn i Fader Vår slik som Gud ville? Du greidde det ikkje. Så står du framfor Gud. Han veit alt om deg. Og du kan ikkje gjera noko til å redda deg. Gud har sagt: «Den som syndar skal døy! Då er du dødsdømd. I samme stilling som Peter Luk. 5, 8.

*Kven er så Kristus?*

Kven er *Han* som du står framfor med dine synder? Kristus er Guds son, ja. Han er Gud sjølv. Han var med og skapte alt, deg

og. Han såg at menneska fall bort frå Gud i synd. Han lengta etter å få dei tilbake. Og derfor steig han fram og sa: Eg tek på meg ansvaret for menneskja. Du kan la det koma over meg, alt det som *dei* skulle hatt. Eg tar på meg synd og straff og dom og død. Men for at Jesus skulle kunna bera dette, måtte Han vera menneske. Og så hende dette ufattelege at Han som var Gud, vart menneske. Du kjenner forklaringa til 2. artk. Sann Gud — san tmenneske. Han som var med å skapte. Han gjekk ein gong nede i Jødeland. Han var svolten, tyrst, trøtt og trøng kvila. Han hadde ingen lyskrans omkring hovudet som viste at Han var Gud. Jesus måtte bli menneske for å kunna lida og døy. Men ein som er *berre* menneske kunne ikkje ha bore all verdens synd og Guds dom, og vunne over døden. Difor måtte Frelsaren vår og vera *Gud*.

Det kom over Jesus alt det som du og eg hadde skuld i. «Herren let det råka Han det som me hadde skuld i alle.» Me veit ikkje kva tid Jesus tok til å bera all verdsens synd, men det var nok lenge før dagane i påskeveka! Kvart steg Han tok var i staden for deg. Kvar gjerning Han gjorde, liten eller stor, var for deg. Og synda di bar Han opp på korset. Og Han døydde der for di synd. Men så er og di synd borte. Då Jesus stod oppatt, var frelsa ferdig, det fanst ikkje ei synd som noko sinne kunne skilja noko menneske frå Gud! Den Kristus er det du møter i ordet. Han har fått mange namn. Guds lam — Løysepeng for mange — Frelsaren — Forsonaren og stedfortredaren. Etter Han hadde gjort ferdig heile frelsa for deg, for Han opp igjen til himlen. Men var Han då ferdig og kvitt ansvaret for deg? Nei, Han lever enno for di skuld for Gud. Det livet Jesus lever *idag* er like mykje for deg, som det han levde på jorda for snart 2000 år sidan.

*Kristus og du.*

Kva er då Kristus? Han er alt det du ikkje er.. Han er Gud, du er menneske. Han er

heilig, du er vanhellig. Han er rein tvert igjennom, du er urein tvers gjennom. Han er god når du er stygg. Han er kjærleg når du er vond. Han tente menneska, du vil dei skal tena deg. Han sa nei, der du sa ja, og seier ja, der du seier nei. Han vann der du taper. Han ærar Gud der du ærar deg sjølv. Han gav livet for slike som du foraktar, ja for slike som deg. Det var slik han såg Jesus, Peter, den dagen han kasta seg på kne for Han og bad: «Herre gå frå meg eg er ein syndig mann.» Men eg trur at inst inne bad Peter: «Gå aldri frå meg Herre» Kjenner du det slik at du passar ikkje ilag med Jesus? Men inni deg veit du at du treng Jesus. Han er nok alt det som du ikkje er. Og alt det vil Han vera *for deg*. Høyr kva ordet seier: 1. Kor. 1, 30 «Han har vorte for oss visdom frå Gud og rettferdig og helging og utløysing.» Eller Efs. 2. «Han er vår fred». Passar de ikkje saman, seier du? Du er syndar, Han er Frelsar. Du er fattig, Han er rik. Du ingenting. Han alt. «Du som freden meg forkyunner, du en frelser, jeg en synder, du med amen, jeg med bønn. Du med nåden, jeg med skammen, å, hvor vi dog passer sammen, du Guds salvede Guds sønn.»

No står de to framfor kvarandre, Kristus og du. Det er ingen som høver så dårlig i hop som de, og likevel er det ingen som høver så godt i lag. Han vil byta alt, Han eig med det du har. Kva har så du? Ingen ting anna enn synd. Kva har Han? Forlating for synd, og alt det Han er. Går du med på bytet? I same stund du ser at du treng Jesus og at Han vil vera alt for deg, i den stund hender det noko i himlen. Gud sluttar å rekna med deg. I staden reknar Han berre med Jesus. Når du seier: «Eg har så mange synder», seier Gud «Men Jesus er utan synd». Du seier «Eg greier ikkje vinna over freistingar». Gud seier «Jesus har vunne» Du klagar: «Eg kan ikkje leva som ein kristen.» Då seier Gud: «Jesus lever eit fullkome liv for deg.»

Når Gud reknar slik, vert du ingenting og Jesus alt. Når du då ser i speilet ser du berre Jesus.

Du har vel ikkje hørt om småguten som hadde sett eit stort bilde av Jesus på veggen ein stad han var. Då han kom heim og såg det vesle Kristusbilde dei hadde der sa han : «Far du har så liten Jesus du.» Lat ik-

kje han bli liten for deg. Lat Jesus bli stor, den største — alt. Men sjølv må du bli liten — mindre — bli ingenting. Om du ber som Peter : «Gå frå meg Herre» så gjer Han ikkje det. Han blir hos deg. Så blir det ikkje Kristus og *du*, men berre Kristus. For det er sett ein strek over deg.

Berit Haldorsen.

## *En undersøkelse*

Av Ole Rolfsnes

Leser du 1. Moseb. 18 og Rom. 4, 16, da vil du se at det står at Abraham er far til oss alle. Og en god far har mange gode egenskaper.

I Joh. 8, 39 sier Jesus : Var dere Abrahams barn, da gjorde dere Abrahams gjerninger. Jesus var Guds Sønn, og han gjorde Guds gjerninger. Han var lik sin Far i alle ting. Guds barn kjennes på at de gjør sin Fars gjerninger.

Vi vil prøve å ta frem litt av Abrahams gjerninger, så får enhver avgjøre om han finner noen av diss egjerninger hos seg selv.

I 1. Moseb. 12, 1 leser vi at Abraham fikk et kall fra Gud. Det kallet førte det med seg at han måtte dra ut fra det folk han bodde blant. Det samme hender alle Abrahams barn også idag. Den som får et kall fra Gud kan ikke lenger trives sammen med verdens barn, og Guds ord formaner også til å gå ut fra dem, fra deres guder og måtte å leve livet på.

Til Abraham kom kallet først etter at han hadde stiftet familie. I det stykke var han lik meg — og trolig mange andre. Vi er da i den stilling at vi må finne et sted å bo, bygge et hjem. Om Abraham leser vi at han der bygde et alter for Herren (1. Moseb. 12, 7). Jeg undres på hvor mange av Abrahams barn det finnes i dag som har bygt et alter for Herren i sitt hjem. Har du? Kanskje du hadde

et alter i den første tiden etter du møtte kallet og ble frelst, men nå er det erstattet med fjernsyn og fine møbler. Det fortelles også at husandakter er kommet bort hos de fleste. Er dette sant om deg, da er ditt åndsliv i den aller største fare.

Det neste som fortelles om Abraham, det er at han var en fredsæl mann. Det viste seg da det kom til en tredje mellom ham og Lott om beleite for buskapen (1. Moseb. 13, 8—9). Det hender også i våre dager at vi kan bli uenige om et eller annet. Er vi ida lik Abraham som gikk til naboen for å få det oppgjort? Og avstår vi fra vår rett for fredens skyld, som Abraham gjorde? Skriften sier : Så fremt det er mulig så hold dere på deres side fred med alle mennesker (Rom. 12, 18). Lott som valte de beste grasganger ved Sodoma, han er et billede på mange idag som velger de best betalte stillinger selv om de ligger ganske nær Sodoma. Utfalltet blir deretter.

Så går vi til 1. Moseb. 18, 1. Der sat Abraham i døren til sitt telt på den heteste tid av dagen. Han sat og kjempet med tvil og tro, for nå var det så lenge siden Herren hadde åpenbart seg med sine løfter, og det så helt håpløst ut med de løfter Gud hadde gitt ham. Sara hadde det ikke lenger på kvinners vis, og da var alt håp ute med Herrens løfte om

en sønn og en slekt. Du som er et Abrahams barn i dag, kjenner du til denne kamp, og blir du nedstemt når det er lenge siden Herren åpenbarte sine løfter for deg? Ser du på deg selv og din likegyldighet, og kjenner du til spørsmålet: Kan jeg være et Guds barn? Ser vi ned og betrakter oss selv, da vil det gå oss som Abraham, vi blir nedstemt og kommer i tvil. Men i vers to står det at han så opp, og da så han tre menn. Det viser seg at når vi er mest nedstemt, da er Gud ganske nær. Da fikk Abraham løftet fornyet, og han fikk vite hva tid løftet skulle oppfylles. Det er kristenlivets høyeste opplevelser når Gud kommer til oss og fornyer sine løfter for oss.

Abraham var også gjestfri. Han tok imot Guds sendebud, og han gav dem mat og hvile. Skriften sier også at vi må ikke glemme gjestfriheten, for ved den har noen hatt engler til gjester, uten å vite det (Hebr. 13, 2).

I den siste tiden jeg reiste, oppdaget jeg at det mange steder var vanskelig om hus for emissæren, og ekelte steder måtte de bo på et hotell eller et rom på bedehuset. Ofte skjønte jeg at det var vanskelig for en leder, eller andre, som hadde hug å hyse forkynneren, men som hadde en ektemake som ikke likte det. Jeg vil bare si til dere som får tilbud om å hyse et Guds sendebud at der finnes ikke noe som lønner seg så godt. Om du ikke får ubtetalt kostgode gjørelse med en gang, så finnes der andre verdier som er mye mer verd, det vil du se av hva Abraham senere oppnådde.

Abraham gikk til Sara midt på den heteste tid av dagen og ba henne steke kaker. De hadde ikke butikken å springe til idag, slik som mange har idag. Her ser vi først at Sara åtte den fine lydighet mot sin mann, som Skriften taler om, men vi ser også at Abraham var behjelpeelig med sine kone. Her tror jeg at både menn og kvinner har noe å lære.

Hva oppnådde så Abraham ved dette samvær? Han fikk løftet fornyet, og han fikk vite

Guds vilje (vers 17). Han ble stående for Guds ansikt (v. 22), og han kom nærmere Gud (v. 23). Dette er ikke små ting, og de skulle være verd litt bry.

Disse ting skapte Abraham om til en forbeder. Ingen blir en forbeder uten å komme Gud nær. Her nyter det ikke med formaninger og påbud.

Dette har jeg selv erfart ved å ta imot Guds sendebud. Og det var mitt ønske at det kunne få være med å åpne øynene på en eller annan, så du kunne se hva det vil si å ha engler til gjester.

## Ver vakne

**(Matt. 24, 42 - fg.) Av Amund Lid.**

«Men det eg seier til dykk, det seier eg til alle: Ver vakne!» (Mar. 13, 37). Slik talar Jesus til lærersveinane sine då han sat på Oljeberget. Og i ordet her seier han at det han sa til dei, det talar han til oss — til alle.

Svevnen er ein av Guds barn sine største färar her på jorda, for den som går i svevne veit ikkje kvar han går. Den er Satans store anledning, for han arbeider mens folket sov. Då sår han sin säd i åkeren (Matt. 13, 25), og då bryt han seg inn i huset og stel (Matt. 24, 43). «Men det skynar de at dersom husbonden visste kva tid på natta tjuven kom, så vakte han og let ingen bryta seg inn i huset».

*Kva meiner Jesus med denne likninga?*

Tjuven, det er eit av dei mange namna som Skrifta brukar på Satan. På same måte som Skrifta brukar mange namn på Jesus og alle fortel noko om personen som bær namnet, slik brukar den også mange ulike namn på Satan. Forutan tjuven, er han kalla ulven (Johs. 10), løgnaren (Johs. 8, 44), freistaren (Matt. 4), motstandaren eller sjelefienden (1. Pt. 5, 8), slangen o.s.v. Alle namna fortel mykje om personen Saatn, kven han er, korleis

han er, om hans eigenskapar og natur, og målet han arbeider imot.

*Huset*, der han bryt seg inn for å stela, der tenkjer nok Jesus først og fremst på *hjarta*. Skrifta fortel at den truande sitt *hjarta* er Guds hus, Åndens tempel, staden der Jesus bur ved trua. Det evige livet er født inn der, og livet går ut der frå. «Ta vare på *hjarta*, framfor alt som du vaktar, for livet går ut frå det (Ordt. 4, 23). Han kjem for å stela Jesus sin plass, og dermed for å føra oss dit han vil.

Dernest tenkjer han nok på *samfunnet av dei heilage*, som er Guds barn sin heim på jorda. Der vil han stela frå oss alt det som Gud gir sine gjennom Åndens samfunn. Lukkast det for djevelen å koma inn disse to stadene, så vil han nok også stela frå oss mange andre ting, som har stort verd for oss, for å bli frelst, bevart i nåden, og for tenesta Gud har git oss. Me kan berre nemna ekteskapet, heimen, barna våre, retten til sjølv å læra opp våre barn, Bibelen som Guds ord, evangeliet, fridomen o.s.v.

Jesus og Skrifta seier klart at i den siste tida før Jesus kjem att, då skal synda si natt siga inn over oss, og svevnen skal ta overhand. «Då sovna dei alle» (Matt. 25, 5). Då kjem natta, då ingen kan arbeida, seier Jesus.

#### Kva er svevn?

Svevn er ein *tilstand*, der mennesket er *ubevist*, ser ikkje og hører ikkje, tek ikkje føda til seg, arbeider ikkje o.s.v. Men det kan drøyma, tala i svevne, og det kan gå i svevne. Ein mykje fárleg tilstand for den som er mellom fiendar.

Men Jesus tenkjer her ikkje på den naturlege svevnen, men på *åndeleg svevn*.

*Åndeleg svevn*, er ein tilstand som liknar på naturleg svevn. Men den gjeld *berre vårt åndsliv*, og er fárlegast i den tida du er lekamleg vaken og i aktivitet, men du talar i svevne og handlar i svevne i det åndelege.

Du er *åndeleg ubevist*, og ser ikkje din sanne tilstand i forholdet til Gud, ikkje veien du

går eller dine medmenneske sin tilstand, og du overlet frivilligt til tjuven dine dyraste eigneluter.

#### Korleis kjem så tjuven og svevnen ?

«Då det drygde før brudgomen kom, vart dei alle trøyte og sovna» (Matt. 25, 5). Berre den som er trøytt har lett for å sovna. Fåren er størst når du blir trøytt av å venta, på svar på dine bøner, trøytt av motgang, strid og lidelse, trøytt av å lesa og høyra ordet for det skjer så lite, trøytt av travelhet, hugsot og uro for dei mange ting, trøytt av alt du skulle og burde gjera og ikkje maktar o.s.v. Uro og travelheit er eit av Satans beste våpen i vår tid, for å få oss trøyte og i svevn. Då blir det liten tanke på sjøla og sjøla si næring. Den matleie, underernerte og veike blir lett trøytt og fell i svevn.

Djevelen brukar også sovemidlar for å få menneske til å falla i svevn. Han forurensar lufta me pustar i og blandar sovemiddel eller gift i maten me et. *Tidsånda*, den ånda som nå virkar i vantru sine barn (Efes. 2), er full av sovndyssande gift. «Giften i tidens vær og vind, truer med å røve oss livet», song ein gamal sangar. Denne åndsatsmosfære syg me inn i vår omgang med vantrua sine barn, ved litteratur, gjennom radio og fjernsyn, skule og anna opplæring, forkynning o.s.v. Ein kunne tru at ingen var i tvil om kva ånd som idag har makta i N.R.K., og som står bak mykje av litteraturen som flymmer ut over vårt folk, og kva ånd som kjempar for å få makta i skulen, men folket sov. Og mens folket sov bryt tjuven seg inn, stel og sår sin sæd.

Eit anna sovemiddel er kjærleik til verda og dei ting som er i verda. «Elska ikkje verda, og ikkje dei ting som er i verda ! Om nokon elskar verda, så er ikkje kjærleiken til Faderen i han. For alt det som er i verda : kjøtslyst og augnelyst og storlæte i livnad, det er ikkje av Faderen, men av verda. Og verda og hennar lyst forgår. Men den som gjer Guds vilje, han vert verande til æveleg tid (1. Johs. 2, 15–17). Slik talar Skrifta.

Ved å så kjærleik til verda og dei ting som er i verda får djevelen folket i svevn, så han kan bryta seg inn for å stela. Tenk berre på kampen for ein høgare levestandard som me ser i vår tid. Det mannen tener blir ikkje nok, så mor må også vera med ut i arbeidslivet, for å få meir av det verda har å by på. Me har fått noko som blir kalla *kvinnesaksbevegelsen*, og det siste eg såg var at nå var *kvinnefronten* skipa. Deira «profetar» ropar ut kor kvenna er nedvurdert til å vera berre mor og husmor, dei må frigjerast frå mannen og heimen til likestilling med mannen, frigjerast for arbeidslivet o.s.v. Ugraset har stor spireemne i menneskehjarta, så mange kvinner går der skjemd av å ikkje vera noko meir enn mor og husmor. Andre er gripne av den Satan forurensa tidsånda og er med i det store hylekor: Gi oss fleire dagheimar! Nå må me få *førskuleklassar!* Kva vil dei ha dagheimar og *førskuleklassar* til? Jau, for at mor skal «frigjerast» frå heimen og barna, så ho kan koma ut i arbeidslivet for å tena «mammon».

På denne måten bryt tjuven seg inn i huset mens folketsov, og stel. Kva er det han stel? Han øydelegg og stel ekteskapet frå oss, heimen, barna våre, retten til sjølv å oppdra barna, den nasjonale, åndellege og kristelige fridomen.

Gud har gitt kvenna ei stor oppgåva: Å vera mor for slekta som veks opp. Kven har hatt større plass i menneskehjarta enn mor. Ho har født oss alle inn i verda, elskar oss, stelt om oss på alle vis, ho var vår første læremester, og sto med oss gjennom godt og

vondt som møtte oss. Ingen har fått eit større kall enn du mor. Du fødde frelsaren til verda, og ingen har større anledning til å føra han inn i slekta som veks opp enn du.

Og kva er heimen utan mor? Gode heimar og gode mødre, det er samfunnet sin dyraste eginalut. Det samfunnet som ikkje har rå til å la mor fylgja sitt kall og skjøtta si tenesta i heimen for slekta som veks opp, det er komme langt på undergangen sin veg.

*Framhald neste nr.*

## REISERUTER FOR FØRSTE HALVÅR 1973 :

1. *Brandal*: Bibelvaka i Stavanger 13.-21. jan. Sannidal, Valen, bibelvaka i Tørvikbygd 31. mars — 8. april, bibelvaka og verksemid i Namdalen etter påske.  
Påskehelga: Namdalen.
2. *Dyrøy*: Oslo- Østfold i januar, Namdalen i febr. Sunnmøre, Sogn og Masfjorden. Påskehelga: Sannidal.
3. *Hjorthaug*: Nesflaten, Foldøy, Avaldsnes, Haugesund og Tysvær, bibelvaka i Tørvikbygd 31. mars — 8. april.  
Påskehelga: Randaberg og Varhaug .
4. *Amund Lid*: Bibelvaka i Stavanger 13. — 21. jan., Randaberg, Nærø, Varhaug, Bremnes, Stord, Tysse på Osterøy, Bergen Bibelvaka i Namdalen etter påske, Bjarkøy  
Påskehelga: Namdalen.
5. *Linkjendal*: Bygland 10. — 15. april, elles til disposisjon. Skriv adr. 3768, Vadfoss, eller ring Kragerø 833310 (verkst.) eller

*Framhald siste side.*

## Vår øvstепrest etter Melkesediks vis

Brevet til hebrearane var først skrive til dei jødechristne. Og hovedformålet med brevet, var å gjera klart for dei skilnaden på gudstenesta i den gamle pakts tid og gudstenesta

i den nye pakts tid, som tok til etter at Jesus kom og hadde fullendt sit tverk.

Kap. 9 og 10 talar om ofringane, om dyr som blei slakta, og om blodet som øvstepres-

ten bar fram for Gud til soning for folket sine synder. Kor mykje meir skal då blodet av Kristus, som ved ei æveleg ånd bar seg sjølv fram som eit ulastande offer for Gud, reinsa samvitet dykkar frå døde gjerningar til å tena den levande Gud. Det måtte altså blod til, for utan at blod blir utrent skjer ikkje forlating.

Når det gjeld Jesu øvsteprestlege teneste for oss i himmelen, talar brevet om eit mykje underleg forhold. Det står at Jesus er øvst prest etter Melkesediks vis (Hebr. 6, 20) Det er noko loynt med denne Melkesedik. Skrifta fortel at han var konge i Salem, og den høgste Gud sin prest. Han hadde ikkje dagars begynnelse eller livs ende. Det kan vel berre seiast om eit menneske — Jesus. Så det er vel ingen tvil om at han var eit forbilete på Jesus, frelsaren som skulle koma, og som Gud lova Abraham at han skulle fødast i hans ætt.

Når det står at Abraham ofra tiende til denne, så ligg det i dette ei herleg bibelsk sanning for oss. Det syner at vår rette gudstene som truande er utanom lova.

Det levitiske prestedøme kom mykje seinare. Levi var ikkje ein gong fødd då far hans ofra til Melkesedik.

I kap. 7, vers 14 står det: For det er kjent nok at vår Herre er opprunnen av Juda, og til den ætta har ikkje Moses tala noko om prestar. Og det er ennå meir klårt når det står fram ein annan prest etter Melkesediks vis. Det var Jesus, som kom med noko aldeles nytt, og som avlyste det bodet som var maktlaust og gagnlaust til vår frelse, på grunn av kjøtet (v. 18—19).

Den ætta som dette kap. talar om, er lovnaden si ætt. Om dei sa Jesus at dei var ikkje Abrahams arvingar etter kjøtet, men etter lovnaden, — ved trua på Jesus. Og Jesus er prest til evig tid, etter Melkesediks vis (Hebr. 7, 21).

Nå kan me nærma oss Gud med ei betre von — ei von som er betre enn lova sine bod og krav. Kvifor? Jau, fordi Jesus er lova

*sin ende til rettferd for kvar den som trur.* (Rom. 10. 4). Nå er Jesus blitt vår øvst prest, og om han seier Guds ord at me har *ein stor øvsteprest over Guds hus, berre ein.* Har du nok med denne eine?

Guds hus, som der er tala om, det er me som trur på hans namn. Og skrifta fortel at me er heller ikkje lenger under tuktemeisteren, som er lova, men under nåden.

Etter dette kan me spyrja: Er det så nok i vår tid å forkynna dette eine offeret: *Lammet som er slakta?* Etter skal våre gjentekne offer forkynnast, som møter, tru, anger, omvendelse, våre gåver, åndsfylde og nådegåver?

Kvar ser du ditt offer for Gud? Gud reknar áleine med Lammet, Jesus Kristus som ofra sit tliv og blod for oss på krossen!

Men i vår natur lever lova framleis. Kva skal den så tena til, når det er slik at Jesus har kjøpt oss fri frå lova si forbanning? Skrifta seier at den blei lagt til for misgjerningane si skuld, *til den ætta kom som løftet galdt.* Høyrer du min leser til denne ætta? Gjer du det, då er du gjenfødt ved det same løftet som Abraham fekk. *I deg og di ætt.*

Om Jesus har oppfyllt alle lova sine krav og bod, då han gjorde det som var umogeleg for kjøtet, så ser ingen dette utan at den Heilage Ande openberrar det for hjarta. Får den Heilage Ande bruka Guds lov, så lova sitt krav om å vera heilag blir lagt på samvitet, då begynnar me å ana og sjå noko av fordervelsens avgrunn i oss. Då først har du bruk for nåde og tar imot forkynninga om Jesu død og blod som blei gitt for dine synder. Men om vår forkynning stansar opp ved lova, og ikkje viser hen til stedfortredaren og lovoppfyllaren Jesus, då kan det bli ei gudsteneste etter Arons vis. Då vil ikkje sjelene sjå vår utlösar og øvst prest, Jesus. Og dei vil gli inn i lovtrelddom og eit anna evangelium, som Paulus skriv om til Galaterne. Og dei er under forbanning, skriv han vidare, som ikkje held seg til ordet om kros-

sen og det blodet som rann for våre synder.  
Alvorleg !

Når Jesus er omtala som vår øvstekrest, så står det at han har medynk med oss. Det er godt å vita. Og det er godt å vita at han er vår mellommann for ei ny pakt. Ei pakt, som er utanom lova. Det er ei «betre pakt», for den set alt vårt utanom og byggjer áleine på Jesus.

Når Ordet vidare seier at han kan fullkommen frelsa dei som kjem til Gud ved han, og at der ikkje lenger trengst noko offer for syndarar, så er det slik som Ordet seier ! Det avgjerande er ikkje kor mykle eller lite den Heilage Ande har fått openberra det for ditt hjarta, men det avgjeraende er kva Gud har sagt.

Gud har lagt både vår frelse og bevarelse i Jesu hånd. Trur du det, då er du salig.

*Josef J. Nilsen.*

## Den omvendte sjel

**Av Christain Scriver**

Menneskets sjel er blitt helt fordervet av synden. Her nytter intet plaster, ingen flekking og maling. Det lægemiddel som skal helbrede hjertets skade, må læge mennesket fra grunnen av. Bare Jesu Kristi, Guds Sønns blod renser fra all synd.

En synders omvendelse og gjenfødelse er alene Guds gjerning. Du kan lappé så godt du vil og rense karet så godt du kan — hjertet er like urent. Bare Kristi blod kan trenge igjennem til sjelens innerste grunn, og bare den Helligånds ild kan brenne opp syndens smuss og fø deg på nytt så du får et nytt navn, et nytt liv, ny kraft og et ytt sinn. Der finnes intet større under på jord og i himmel enn en omvendt synder.

Guds nåde og barmhjertighet har fulgt synderen overalt. Herren kunne for lenge siden ha rykket deg bort og overgitt deg til helve-

des pine. Du hadde fortjent det. Men han har ikke villet gjøre det. Han akter din sjel for høyt. Han vil ikke miste den. Men det skal du huske, at jo større nåden er, desto større blir straffen om du ikke omvender deg.

Gud bruker *midler* for å omvende og frelse syndere. Først har han sitt ord som er en kraft til frelse for hver den som tror. Det er den Helligånd som gir ordet kraft. Den Helligånd virker ikke uten ordet, og ordet ikke uten den Helligånd. Gud har innsvøpt seg i ordet med all sin nåde og gave. Det er som Johan Arndt sier : «Fordi Gud er i ordet, får sjelen føde, blir vederkveget og gjort levende». Bibelen er Guds ord. Den er boken over alle bøker.

I ordet og sakramentene har Gud midler til synderes omvendelse. Guds ord møter oss i forkynnelsen ved ordets tjenere, Guds medarbeidere som er kalt til å forkynne ordet, både til å vække de ugodelige og til å trøste de botferdige ved nåden i Kristus Jesus. En predikant må først ha hatt nytte av ordet for sin egen sjel førem han kan gi seg av med å preke for andre. Vi skulle ikke forakte det ord som Herrens tjenere forkynner. «Da I fikk det Guds ord. vi forkynnte, tok I imot det, ikke som et menneskeord, men som det i sannhet er, som et Guds ord som og ter seg virksomt i eder som tror.» Om Kristi tjenere forkynner ordet med menneskelig røst, så er det dog Guds ord.

Et middel til synderes omvendelse er kors og trengsel. Der er så mange syndar som ikke tenker på Gud når det går ham godt. Når der vokser roser på syndeveien, er alt vel og bra. Men når han kommer ut iblant torner og tistler og ut i mørker og ørkener og hverken vet ut eller inn, så oppdager han, at han er gått vill, og har tatt feil av veien og roper så til Herren om hjelp og nåde.

En kristen vil akte Guds midler til omvendelse høyt. Han vil gjemme Guds ord i sitt hjerte for at han ikke skal synde mot Herren. Guds ord må trenge inn til sjelen og

fylle den med himmelsk kraft og trøst. Hva hjelper det å høre ordet med ørene, hvis jeg ikke kjenner kraften i hjertet? Hva hjelper det å ha bokstaven og ikke Ånden? Hva hjelper det å høre ordet og ikke gjøre etter det? Det ytre ord kan ikke gjøre oss salige, hvis det ikke blir innplantet i oss og tatt imot i tro og forenet med vår ånd. Det hjelper da å ha et hungrende og tørstende hjerte, som kjenner sin trang, sin synd og elendighet og må ha hjelp av Guds ord. Der er så mange mennesker som bare ser på de ytre gaver og hører predikantens stemme. Men når prekenen er slutt, er de ikke blitt et här betre. De likner fluer og mygg, som kun svermer om blomstene. Men de setter seg ikke på blomstene og suger honning av dem.

Der er mange predikanter som tror at det er gjort med å preke. De glemmer «å gi akt på seg selv og på den hele hjord i hvilken den Helligånd satte dem til tilsynsmenn for å vokte Guds menighet, som han vant med sitt eget blod» (Ap. gj. 20, 28). Det gjelder her sannelig noe annet enn å sove og ha gode dager, å spare seg selv, å søke menneskegunst, samle seg penger, bygge seg hus og gjøre seg og sine rike. Mange prester og predikanter vil tjene penger og ha gode dager og lar tingene gå sin skjeve gang. Et Herrens vitne må selv være forvisset om evangeliets sannhet. Ellers kan han ikke med frimodighet og overbevisning forkynne den for andre. Mange av dem som har Kristus mest på tunga, har ham ikke i hjertet. Når de så skal preke for andre, gir de dem Kristus, slik som de selv har ham. Så får tilhørerne også Kristus på tunga og ikke i hjertet.« De lærer å tale meget om ham, men de lærer ikke å elske ham. Den sanne Kristus

forkynnelse derimot griper hjertet. Ja, der finnes intet som slik kan røre hjertene som den evangeliske preken om Jesu Kristi Guds Sønns blod. En virkelig Kristusforkynner blir også en sjælesørger. De er nu ikke kokker alle som har lange kniver, og ikke prester alle som har lange kjoler. En rett prest ser ikke bare på mengden. Han er glad når han får tale til mange. Han har da håp om å få gjøre mer for Herren. Men han glemmer ikke den enkelte sjel. Fremfor alt vil han be Gud om nåde, så han med sitt liv må forkynne Kristi dyder. Det er nok så at ordet har sin kraft, selv om det kommer gjennem en urenn munn. Men en ugodelig lærer legger store hindringer i veien for Guds ord. Den beste mat smaker ikke, når den blir servert i et skittent kar.

La oss ikke bli trette! Er verden ugodelig og ond, så la oss med enda større iver be syndere omvende seg til Herren!

## REISERUTER FOR FØRSTE HALVÅR 1973 :

*Framhald frå side 9 .*

83350 (privat.)

6. **Nygård:** Hardanger frå 3. febr. elles til disp. Skriv adr. 5420 Rubbestadneset, eller ring 18220, retr.nr. 057 etter arbeidstid. Valen i Sunnhordland.  
Påskehelga : Oslo — Østfold.
7. **M. Skumsnes :** Bygland, Kristiansand, kvinnelaga i Sannidal, Åkerfjorden, Varaldsøy og Gravdal.  
Påskehelga : Nesflaten.
8. **Aakhus :** Oslo i januar saman med Dyrøy, elles til disposisjon. Skriv adr. 4684 Bygland, eller ring Bygland 37.  
Påskehelga : Norheimsund.

## SOMMARSKULANE 1973 :

1. **NAMDALEN**, i tida 20. — 24. juni.
2. **SANNIDAL**, med årsmøte, i tida 18. — 22. juli.
3. **NESFLATEN**, i tida 1. — 5. august.  
Program for sommarskulane kjem i eit seinare nr. av bladet.

Styret.